



Høgspenlinja går både over Skårhaug og gjennom Halsabrotet og dette bildet er teke i Halsabrotet... Dei tre er Knut Sjøwall (Skårhaug Vel), Kjetil Hauge (Halsabrotet Vel) og Jeanette Guddal (Uskedalen Utvikling). (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Etter eit møte mellom velforeningane og leiinga i Kvinnherad Energi torsdag ettermiddag har Knut Sjøwall (Skårhaug Vel) eit håp om at høgspenlinja gjennom Uskedalen kan bli fjerna i 2009 og straumen endeleg ført over i den jordkabel som har lege klar lenge.**

- Det var eit positivt møte, der Kjetil Hauge frå Halsabrotet Vel og eg møtte styreleiar Arne Havnerås, direktør Terje Enes og nettansvarleg Gerhard Myklebust, opplyser Sjøwall til uskedalen.no

For få veker sidan gjekk velforeningane og Uskedal Utvikling til Kvinnherad Energi med krav om å innfri det gamle løftet om å få straumen over i jordkabelen som ligg under gang- og sykkelvegen fram til brua. Dei hevda at energiverket stadig finn på nye mogelegheiter for å sleppa å fullføra prosjektet.

Sjøwall held fram:

- Under møtet vart det frå KE-hald vist til at fullføring av prosjektet har stått på budsjettet, men løyvinga har vorte stroke, ikkje minst fordi politikarane har forlangt at det skal takast ut eit vaksent overskott. KE-representantane sa seg einige i at prosjektet bør bli fullført så snart som mogeleg, men dei streka under at det er økonomien som har gjort at dei ikkje har kome lenger .

- Og kva var konklusjonen?

- Den var at Kvinnherad Energi skal prosjektera framføring av jordkabel vidare frå elva og fram til sekundærstasjonen og dermed også få eit eksakt oversyn over den aktuelle kostnaden. Tidlegare har det her vore antydning ein kostnad på omlag 650.000 kroner.

Eg oppmoda styret om å løyva pengar til prosjekteringa over budsjettet for 2008. Dermed bør dei kome godt på tur mot ei eventuell fullføring av prosjektet i 2009.

Samstundes lova eg at vi skulle ta kontakt med grunneigarane hvis det på noko vis skulle oppstå problem under framdrifta, opplyser Sjøwall.

Av Ola Matti Mathisen